

Fylkeskommunalt rutetilbod med båt

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkeskommunen skal tilby likt rutetilbod med båt uavhengig av bustadkommune. Det fylkeskommunale minstetilbodet med båt vert definert ut frå samla antal fastbuande langs kvar båtrote, slik dette går fram av tabell 2 i fylkesrådmannen sitt saksførelegg.
- 2 Ved anbodsutlysing av båtrotar skal det fylkeskommunale rutetilbodet lysast ut med kommunal tilleggsproduksjon som opsjon.
- 3 Kostnad med bruk av opsjon skal dekkast av den enkelte kommune.

Prenta vedlegg:

Fordeling ruteproduksjon mellom fylkeskommunen og den enkelte kommune.

Høyringsuttale frå kommunane Selje, Vågsøy, Gloppen, Flora, Askvoll, Hyllestad, Solund, Gulen, Høyanger, Vik og Lærdal

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

I samband med anbudsarbeid på båtrutene frå 1.mai 2012 er det naudsynt med ein gjennomgang av rutetilbodet med båt til øyar og veglause bygder slik at rutetilbodet fylkeskommunen tilbyr innbyggjarane er samanliknbart uansett om du bur i f.eks Selje, Solund eller Vik.

I HS møte 10.12.09 og 20.01.10 diskuterte politikarane kva kriteria som skal brukast for å fastsetje det fylkeskommunale rutetilbodet.

I HS møte 24.02.10 bestemte hovudutvalet seg for å sende saka ut på høyring til kommunane som har innbyggjarar på øyar og andre veglause bygder.

Problemanalyse

Sogn og Fjordane fylke har store interne variasjonar som gjer at det er vanskelig å setje kriteria for val av fylkeskommunalt rutetilbod med båt. Grovt sett går variasjonane på antal innbyggjarar langs ruta og avstand til fastlandet. I arbeidet med å finne regelverk for fastsetjing av kva som er eit fylkeskommunalt rutetilbod har vi sett på 2 alternative tilnærmingar:

- Økonomi
- Rutetilbod

Økonomimodell

Vi har sett på ein reknemodell som i hovudsak tek utgangspunkt i at kommunar som har behov for båtruter får eit grunnbeløp til oppretting av ruter og i tillegg eit beløp pr person som har behov for båtrute. Beløpet pr person vert i denne modellen (sjå nedanfor) trappa nedover etter kvart som antal personar aukar. I tillegg til rein økonomisk tilnærming såg vi og på køyreavstand og tal stoppestader.

Tabell 1 økonomimodell

Modell:	
Grunnbeløp	kr 500 000
De første 10	kr 100 000
Frå 11-20	kr 50 000
Frå 21-50	kr 30 000
Over 50	kr 10 000

I tillegg må det takast omsyn til :

Køyreavstand
Tal stoppestadar

Denne modellen gir forholdsvis likt økonomisk bidrag til alle kommunane, men på grunn av store forskjellar i kostnader med dei ulike båtrutene, vil det medføre at rutetilbodet vil variere mykje frå kommune til kommune. I kommunar med lange avstandar vil det fylkeskommunale rutetilbodet bli vesentleg dårlegare enn i områder med korte båtruter.

Med bakgrunn i dette meiner vi at skilnadane i det fylkeskommunale båtrutetilbod vil variere for mykje frå kommune til kommune til at det er tilrådeleg å bruke denne modellen.

Rutetilbodmodell

For å få eit tilnærma likt rutetilbod i dei ulike kommunane har vi sett på ein modell som tek omsyn til:

- Fastbuande langs kvar enkelt rute
- Rutetilbod med/utan skuleskyss

I tabellen nedanfor har vi sett opp korleis det fylkeskommunale rutetilbodet skal vere etter denne modellen.

Tabell 2 : Rutetilbod avhengig av antal fastbuande.

Fastbuande langs ruta	Ruteproduksjon utan skuleskyss	Ruteproduksjon dersom skuleelevar
1 - 5	1 tur/retur pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag
6 - 15	tur/retur 3 dagar pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag
16 - 30	tur/retur 5 dagar pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag
31 - 40	1 tur/retur 7 dagar pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag
40 +	2 tur/retur mandag - fredag + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag	2 tur/retur mandag - fredag inkl skuleskyss + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag

Med tur/retur meiner vi at passasjerer skal kunne reise frå heimen til kommunesenteret om morgonen og returnere til heimen på ettermiddagen. Rutetilbodet må vere slik at det er tilstrekkelig tid til å utføre f.eks. besøk på offentlege kontor og innkjøp av varer.

Denne modellen gir likt rutetilbod uavhengig av bustadkommune.

Anbudsutlysning - opsjon

I samband med anbudsutlysning av rutene vil det vere naturleg at fylkeskommunen lyser ut den fylkeskommunale ruteproduksjonen, med den kommunale produksjonen som opsjon. I praksis vert opsjonen ein ruteproduksjon som kan nyttast av kommunane dersom dei ynskjer å gi innbyggjarane eit betre tilbod enn det fylkeskommunale minstetilbodet.

Sidan det ikkje er sikkert at opsjonen vert nytta vil tilbydar legge alle dei faste kostnadane med båt på den fylkeskommunale produksjonen.

Dersom kommunen vel å nytte opsjonen, vil prisen på den kommunale ruteproduksjonen avgrense seg til dei variable kostnadane som for eksempel lønn og drivstoff.

Høyring

Saka om fylkeskommunalt rutetilbod med båt vart sendt ut på høyring til:

Selje kommune
Vågsøy kommune
Bremanger kommune
Flora kommune
Askvoll kommune
Gulen kommune
Solund kommune
Høyanger kommune
Vik kommune
Lærdal kommune
Hyllestad kommune

Saka vart sendt ut på høyring 3. mars med høyringsfrist 20.mars

Høyringsmøte

På grunn av den korte svarfristen som vart sett, vart alle kommunane inviterte til eit høyringsmøte der fylkeskommunen orienterte om bakgrunn for og konsekvensar av den foreslegne ordninga med fylkeskommunalt rutetilbod.

Kommunane Bremanger, Vik, Lærdal og Hyllestad møtte ikkje på høyringsmøte.

Høyringsuttalane

Fylkeskommunen har pr 24. mars fått inn høyringsuttale frå alle kommunane med unntak av Bremanger.

Dei fleste kommunane er einige i, eller tek til etterretning, at Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeider for å få likskap i rutetilbodet som vert tilbydd.

Felles for alle kommunar som har eit fylkeskommunalt rutetilbod som er betre enn tilbodet skissert i tabell 2, er at dei ikkje ynskjer å få redusert tilbodet til innbyggjarane.

Nedanfor har vi sett opp nokre stikkord frå høyringssvara til kommunane. Alle høyringsuttalane ligg ved saka som prenta vedlegg.

Selje kommune:

- Fylke/stat må ta større ansvar for innbyggjarane sine transportbehov.
- Viktig prinsipp at fylket tek ansvar for kjernetilbod.
- Fryktar dårligare økonomiske rammer for kommunane noko som igjen kan medføre at dei må redusere tilbodet.

Vågsøy kommune:

- Vågsøy har ikkje merknader til fylkeskommunen sitt likskapsprinsipp.

Gloppen kommune:

- Prinsipp om likebehandling er greitt for Gloppen kommune.
- Hyenes og Skeistrand bør ha minimum eit rutetilbod i veka.

Flora kommune

- Positivt at fylkeskommunen tek over ansvaret for kollektivtrafikken til sjøs.
- Flora kommune meiner at det er fylkeskommunen sitt ansvar å drive kollektiv transport, definere behov, kjøpe transporttenester og finansiere desse. Dette må gjelde båtruter på same måten som bussruter. Slike tenester skal etter vårt syn ikkje belaste kommunen sitt budsjett.
- Ein fylkeskommunal minsteproduksjon må innehalde kveldsruter til øyane i Florabassenget.

Askvoll kommune:

- Likskap i tilbodet er eit rett prinsipp dersom nivået er akseptabelt
- Eit absolutt minimum for det fylkeskommunale tilbodet må vere 2 tur/retur pr veka.
- Det må takast omsyn til reiselivet med styrka tilbod i mai – september.
- Ruta frå Alden kan gå til Værlandet.

Hyllestad kommune

- Viktig at veglause grender med fastbuande får eit tilbod.
- Støttar prinsippet med likebehandling ut frå tal fastbuande.

Solund kommune:

- Fylkeskommunalt ansvar å gje eit tilnærma likt rutetilbod som i dag.
- Minstekrav at det skal vere mogeleg å komme seg til regionsenter og tilbake same dag.
- Lokal båtreise sjåast i samanheng med bussruter og ekspressbåt.
- Solund har stor andel spreidd busetnad det må takast omsyn til.
- Det må takast omsyn til aktiv næringsverksemd og reiseliv.
- Det er ikkje teke omsyn til overordna strategi om busetnad og livskraftige samfunn.

Gulen kommune:

- Lengst mogeleg ivareta behovet for å komme til eige kommunesenter , men også regionsenter.
- Båtrutene er viktig for næringslivet.
- Positivt med system som er meir rettferdig i forhold til kva skyss den enkelte har krav på, og kva den enkelte kommune må betale.
- Bygderute med båt må ha gode korrespondansar ut av og inn i eige fylke.
- Oppretthalde fleksibiliteten med tingsstopp.

Høyanger kommune:

- Høyanger kommune tek til etterretning at fylkeskommunen ynskjer å legge til grunn eit likskapsprinsipp når det gjeld fordeling av kostnader.

Vik kommune:

- I utgangspunktet rimelige og rettferdige kriteria.
Men
- Får ikkje utnytta potensielt i Sylvarnes som reiselivsprodukt.
- Sylvarnes er ein del av "sørsidesambandet" som er reserve/alternativ veg til Bergen når Vikafjellet er stengt/usikkert.
- Eit rutetilbod på dagens nivå er førestnad for busetjing på Strendene. Vik kommune har ikkje økonomi til å oppretthalde rutetilbodet.
- Vik kommune ber om at fylkeskommunen nyttar ein breiare innfallsvinkel slik at det vert kanalisert verdiar tilbake til Vik kommune slik at dagens rutetilbod kan oppretthaldast.

Lærdal kommune

- Fylkeskommunen må oppretthalde det eksisterande fylkeskommunale rutetilbodet på ruta Frønningen – Kaupanger også etter 01.05.2012.
- Store individuelle ulikskapar i dei ulike lokalsamfunna langs kysten.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Med utgangspunkt i dagens rutetilbod og tabellen ovanfor har administrasjonen sett på konsekvensane av innføring av likskaps prinsippet.

I dei vedlagde rutetabellane er det sett opp rutenamn, antal fastbuande på kvar rute og kva tilbod fylkeskommunen tilbyr ut frå definisjonen i tabell 2. I rutetabellane er ruter fylkeskommunen vil få ansvar for markert med blått. Dersom kommunen vil oppretthalde dagens rutetilbod må dei dekke kostnadane med rutene markert med grønt.

Desse tabellane viser det **antal** turar kommunane eventuelt skal bere kostnadane med. Kor stor del av kostnaden kommunen faktisk må betale, er blant anna avhengig av når på dagen dei kommunale rutene går. Ruter som medfører utvida opningstid er dyrare enn ruter innanfor ordinær opningstid.

Dersom vi lyser ut dei fylkeskommunale rutene, med kommunale ruter som opsjon, har vi i tabellen nedanfor gjort ei vurdering av kostnadsfordelinga ved ei vidareføring av dagens rutetilbod. Kva vurderingar tilbydar vil gjere vil variere mellom dei ulike rutene.

Kommunevis kostnadsendring ved innføring av fylkeskommunalt rutetilbod:

Det er viktig å merke seg at **beløpa i tabell 3 er anslag**, og at endelige kostnader ikkje vert klarlagt før vi får inn tilbod på drift av båtrutene. Når prisen er kjent vil kommunane sjølv kunne seie om dei ynskjer å bruke opsjonen eller ikkje.

Tabell 3 : Kommunevis kostnadsendring

Kostnadsendring kommunane			
Kommune	DAGENS kostnad	FRAMTIDIG kostnad	Endring
Selje	1 000 000	1 000 000	0
Vågsøy (Silda)	300 000	300 000	0
Bremanger/Vågsøy	0	0	0
Flora	11 300 000	6 300 000	-5 000 000
Askvoll	0	500 000	500 000
Solund (internt)	250 000	850 000	600 000
Gulen/Solund (kommunekryssande)	0	300 000	300 000
Gulen (internt)	500 000	0	-500 000
Høyanger	0	800 000	800 000
Vik	0	800 000	800 000
Lærdal	0	300 000	300 000
Auka fylkeskommunal kostnad som fylgje av omlegging			2 200 000
Gulen (Kabelferje Hisarøy)	0	500 000	500 000

Med oppstart på anbodsperioden 01.05.2012 vil det vere naturleg at kommunane kan ta stilling til bruk av opsjon medio 2011. Prisen på bruk av opsjon vert kjent på slutten av 2010.

Stader utan vegsamband som ikkje har båtrutetilbod

I høyringa bad fylkeskommunen om å få oversikt over stader utan vegsamband som heller ikkje har tilbod om båtruter. I oversikta nedanfor er desse stadane med ein estimert fylkeskommunal kostnad med oppretting av ruter i forhold til regelverket i tabell 2

Tabell 4 : Stader utan vegsamband og båtrutetilbod

Namn	Kommune	Fastbuande	Fylkeskommunalt tilbod etter tabell 2
Hynes/Skeistrand	Gloppen	3	1 tur/retur pr veke kombinert med skulerute Skjerdal
Søre Nekkøy	Flora	1	1 tur/retur pr veke
Grønenga	Flora	3	1 tur/retur pr veke
Kråkenes	Solund	3	1 tur/retur pr veke
Fonna	Gulen	4	1 tur/retur pr veke kombinert med Hausevika
Hausevika	Gulen	1	1 tur/retur pr veke kombinert med Fonna
Vikane	Gulen	3	Skuleskyss til/frå Dalsøyra
Vassøy	Gulen	1	1 tur/retur pr veke kombinert med rute som passerar
Svinøy	Gulen	1	1 tur/retur pr veke kombinert med rute som passerar
Porten/Storaker	Hyllestad	3	1 tur/retur pr veke
Estimert auka kostnad for fylkeskommunen ved oppretting av rutetilbod til stader som ikkje har tilbod i dag.			1 250 000

Økonomiske konsekvensar for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Som det går fram av tabellane ovanfor vil ei slik omlegging gje fylgjande økonomiske konsekvensar for Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Tabell 5 : Endringa i fylkeskommunal kostnad

Endringar i fylkeskommunale kostnader	Estimert auke i fylkeskommunal kostnad i kroner pr år
Auka kostnader eksisterande ruter	2 200 000
Auka kostnader oppretting nye ruter til stadar utan båtruter	1 250 000
Estimert auke i fylkeskommunale kostnader som følgje av endringane	3 450 000

I samband med anbudsutlysing av alle båtrutene i Sogn og Fjordane vil krav til miljø og reduserte utslepp, medføre ein stor nedgang i drivstofforbruket på ekspressbåtane til/frå Bergen samanlikna med i dag. I tillegg til miljøgevinsten, vil eit lægre drivstofforbruk medføre reduserte kostnader som minst tilsvarar auken på 3,45 millionar kroner ved denne omlegginga.

Samla sett vil difor denne omlegginga ikkje medføre behov for å auke rammene til samferdsleformål i fylkeskommunen.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Alle båttrutene i fylket skal i løpet av mai 2010 lysast ut på anbod for perioden 2012 – 2020. Det er difor viktig å få definert korleis rutene skal vere før vi lyser ut dei einskilde rutene på anbod.

Fylkesrådmannen meiner det er rett å kunne tilby likt rutetilbod med båt uavhengig av bustadkommune. Rutetilbod vurdert ut frå antal fastbuande gir eit likt rutetilbod uavhengig av distanse og andre kostnadselement.

Fylkesrådmannen meiner det er mogeleg å tilby eit rutetilbod slik det er skissert i tabell 2 og likevel halde seg innanfor gjeldande økonomiske rammer. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for utviding utover tilbod skissert i tabell 2.

Ved å bruke opsjonspakkar i anbodsutlysinga kan kommunane sjølv velje om dei ynskjer å tilby eit betre tilbod enn det fylkeskommunale rutetilbodet, utan at dei må betale faste kostnader med båttilbodet. Den kommunale kostnaden vert forholdsvis låg, sidan dei faste kostnadane er ein stor del av totalkostnadane. På den måten kan kommunane sjølv gjere eigne vurderingar av behov ut frå f.eks lokalt næringsliv, reiseliv, ferierande og tilkomst til regionsenter.